



## Loftet

Sjåføren stansa flyttebilen. Han kikka opp.

«Gjerdegarden?» sa han. «Veit du at han er heimsøkt, gut? Folk har sett spøkjelse her fleire gonger.» «Eg trur det var i kjellaren,» sa hjelpemannen. Julien såg oppgitt på dei. «Eg er for gammal til å tru på sånt,» sa han. Julian låste opp døra. No kunne flyttefolka berre begynne.

«Hei,» sa Bobby Singh frå eit vindauga i nabogarden. «Kva gjer du her?» Bobby gjekk i sjette, ein klasse under Julian. «Vi flyttar inn i fjerde,» sa Julian.

Mens flyttefolka arbeidde, fann Julian fram nøkkelen til loftet. Han gjekk opp trappa. Det må då vere eit lys der oppe, tenkte han. Han gjekk inn, og blei møtt av eit kaldt gufs. Han slo på lyset. Loftet var kjempestort. Han såg ikkje enden av det. Han følte at nokon såg på han. «Hei!» ropte det. Han skvatt, men det var berre flyttefolka som ropte.

Seinare på dagen bestemte Julian, Bobby Singh og veslesøster Nina seg for å utforske loftet. Dei ville finne

kottet som hørde til leilegheita dei hadde flytta inn i. Dei gjekk opp. Julian var ikkje like redd no. «Det spøkjer her,» sa han til veslesøster Nina. «Spøkjelse finst ikkje,» sa ho. «Jo, men dei kjem berre om natta, så du kan ta det med ro.»

«20 kroner på at du ikkje vågar å gå rundt hjørnet for å finne kottet dykkar åleine,» sa Bobby. «Eg skal gå. Berre vent her, feigingar,» sa Julian. Han gjekk rundt hjørnet og inn i mørket. Etter kvart trefte han ein vegg. Ein vegg som bevega seg. Det var ei kottdør som small igjen, og spratt opp igjen like fort. Det var kaldt rundt han, mykje kaldare enn utanfor. Eit bleikt ansikt dukka opp i mørket. «Nina!» sa Julian.

*Julian?*

Julian grøssa igjen, så kaldt det var.

«Hysj,» sa Julian.

*Julian?*

Han snubla brått i ein terskel, og endeleg kunne han sjå Bobby og Nina stå i lyset langt borte. Korleis hadde Nina komme så langt bort på nokre sekund? Det var umogleg. «Nina!» ropte han. «Var du her borte no nettopp?» «Eg har stått her heile tida,» sa Nina. Julian trudde dei ikkje. Han fann ein lysbrytar til, og lyste opp resten av loftet.

«Kvifor brukte du så lang tid?» spurde Nina.

«Eg var inne i eit kott,» svarte Julian.

«Det er ingen opne kott her,» sa Bobby. Han hadde rett. Alle kotta var låste. Julian ryskte i hengjelåsen til kottet. «Eg forstår ingenting,» sa han. Han hadde sett noko i mørket. Noko som kviskra namnet hans.

### Oppgåver:

Sjå Elevbok 5B side 70.

Gjer oppgåvene 3, 5, 6 og 7.